

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
Sak nr.: 2015/1434-611

## Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------|--------|------------|
| Fellesnemnda-AU |        | 24.04.2018 |

## Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - framdrift og nedsetting av fagkomité

### 1. Samandrag

Fylkesrådmennene legg med dette fram sak med tilråding av fagkomité. Det vert også gjort greie for arbeidet som er utført til no, og korleis prosjektet skal førast fram til vedtak av nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.

### Fylkesrådmennene rår arbeidsutvalet (FN-AU) til å gjere slikt vedtak:

1. For vidare arbeid med nytt fylkesvåpen vedtek arbeidsutvalet følgjande fagkomité/jury:

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Janne Leithe            | Direktør, Sogn og Fjordane Kunstmuseum                       |
| Jørn Øyrehaugen Sunde   | Professor, rettshistorikar/heraldikk, Universitetet i Bergen |
| Ashley Booth            | Professor, visuell kommunikasjon, KMD ved UiB                |
| Oddmund Løkensgard Hoel | Førsteamanuensis, språkhistorikar, Høgskulen på Vestlandet   |
| Geir Atle Ersland       | Professor, historikar, UNESCO chair, Universitetet i Bergen  |

2. Arbeidsutvalet vedtek *mandat for fagkomitéen* i tråd med saksutgreiinga.
3. Arbeidsutvalet ber fylkesrådmannen legge fram opplegg for designkonkurranse av nytt fylkesvåpen til arbeidsutvalet sitt møte 15.juni 2018.

### Vedlegg:

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fellesnemnda vedtok følgjande i 18.12.2017 i sak PS 7/17 *Fylkesvåpen – utforming og fastsettjing*:

«

1. *Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.*
2. *Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.»*

Arbeidsutvalet til fellesnemnda (FN-AU) la i møte 29.januar 2018 dette til grunn for sak PS 4/18 *Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen – prosess og framdrift* og gjorde følgjande vedtak:

*«Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik dette vert skissert i saksframlegget.»*

Fylkesrådmennene legg med dette fram sak som gjer greie for arbeidet som er utført til no, og korleis prosjektet skal førast fram til vedtak av nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.

## **2. Organiseringa av prosjektet**

Arbeidsutvalet vedtok denne prosjektorganisering i PS 4/18:

|                        |  |
|------------------------|--|
| Prosjekteigar          | Fellesnemnda   |
| Prosjektstyringsgruppe | Arbeidsutvalet til Fellesnemnda (FN-AU)  |
| Prosjektleiing         | Fylkesrådmennene/prosjektleiing  |
| Prosjektgruppe         | Representantar frå dei to fylkesrådmennene   |
| Fagkomité/jury         | Ein fagkomité/jury med kompetanse innan kunst, historie, heraldikk og kommunikasjon vurderer og tilrår val av alternativ. Samansetjing av denne fagkomiteen vert lagt fram som eiga sak for FN-AU innan 2. kvartal 2018. |

Fylkesrådmennene har sett saman ei prosjektgruppe med følgjande representantar:

|                     |                                       |
|---------------------|---------------------------------------|
| Arlen Synnøve Bidne | Sogn og Fjordane fylkeskommune        |
| Ole Vegard Skauge   | Hordaland fylkeskommune (koordinator) |
| Ingvild Ramstad     | Sogn og Fjordane fylkeskommune        |
| Gro Sivertsen       | Hordaland fylkeskommune               |

Prosjektgruppa har kompetanse på kunst, kulturhistorie, kommunikasjon og visuell utforming.

## **3. Prosjektplan**

Arbeidsutvalet vedtok 29.januar 2018 prosjektplan med følgjande prosjektfasar:

*Etablering av prosjektgruppe  
Symboltilfang  
Open innspelsprosess  
Designkonkurranse  
Innstilling og vedtak*

Prosjektet har ei stram tidsramme, innanfor følgjande prosjektplan:

|   |                      |
|---|----------------------|
| <i>Etablering av prosjektgruppe</i>   | ligg føre            |
| <i>Symboltilfang</i><br><br>Prosjektgruppa vurderer historiske motiv, samtidsmotiv, landskapstema som sameinande symbol for forslag til motiv i open innspelsprosess.   | ligg føre            |
| <i>Nedsetting av fagkomité</i><br><br>Prosjektgruppa legg fram innstilling til fagkomité for arbeidsutvalet til møte i 2.kvartal, i tråd med kompetansekrava som vart vedtekne av arbeidsutvalet 29.januar 2018.  | til vedtak           |
| <i>Open innspelsprosess</i><br><br>Brei prosess, der alle innbyggjarane vert invitert til å gje innspel til våpenmotiv (i samarbeid med regionalt dekkande media, som NRK Vestlandsrevyen, Bergens Tidende m.m.).   | april - juni<br>2018 |
| <i>Førearbeid til designkonkurransen</i><br><br>Faggruppa vurderer alternative forslag til motiv for nytt fylkesvåpen.<br>Fylkesrådmannen legg fram alternativa og reglar for designkonkurransen i arbeidsutvalet sitt møte 15.juni 2018.   | april – sep.<br>2018 |
| <i>Designkonkurransen</i><br><br>Innspel til motiv som kjem inn i den opne prosessen vert vidareførte til inspirasjon i designkonkurransen. Forutan utforming av motiv må farge og metall veljast.<br>Designbyråa tek ansvar for at relevant kompetanse vert nytta.                     | juni – sep.<br>2018  |
| <i>Innstilling og vedtak</i><br><br>Fagkomiteen/juryen si tilråding blir lagt fram for styringsgruppa (FN-AU) som tilrår vidare til fellesnemnda. Fellesnemnda si tilråding vert lagt fram for fylkestinga for endeleg vedtak og fastsetjing av fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. | Sep. – des.<br>2018  |

#### 4. Prosjektfasane

Det vert lagt opp til at å forankre kvar prosjektfase i arbeidsutvalet. For dei komande prosjektfasane vert det skissert opplegg for Nedsetting av *fagkomité* i 3.2, og for *Open innspelsprosess* i 3.3.

##### 4.1 Symboltilfang

Offentlege våpenskjold i Noreg er ein del av fagfeltet heraldikk, som har ein tradisjon som går langt tilbake. I Skandinavia vart det ut over 1900-talet utvikla ei eiga retning, med klare, abstrakte våpenskjold for kommunar og fylkeskommunar. Motiva som nyttast på våpenskjold i Noreg kan delast inn i nokre hovudgrupper: motiv frå natur og landskap, motiv frå kultur og historie, og motiv frå daglegliv/anna. Prosjektgruppa har gjort vurdering av motivgruppene, for å identifisere sameinande symbol for forslag til motiv i den opne innspelsprosessen. Det er laga retningsliner for innspelsprosessen, fakaark om det nye fylket, og utdjupande fagnotat om heraldikk og motivtradisjonar. Dette skal vere til hjelp for dei som vil kome med forslag i innspelsprosessen.

##### 4.2 Nedsetting av fagkomité

Arbeidsutvalet konkretiserte krav til fagkomitéen sin kompetanse i sitt vedtak av 29.januar 2018. Fylkesrådmannen legg også vekt på at dei to fylka skal vere nokså jamt representerte, og at kjønnsbalanse og variasjon i alder er vurdert.

Fylkesrådmannen tilrår følgjande personar i fagkomitéen:

*Janne Leithe*, direktør ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Mastergrad i Kunst og kulturvitenskap med masteroppgåva «*Temporære strategiar – kunst i det offentlege rom*». Ho har tidlegare arbeidd ved Henie Onstad Kunstsenter, Stenersenmuseet og Stavanger kunstmuseum. I 2012 gav ho ut boka «*Else Marie Jakobsen. Levde liv, vevd liv*».

*Jørn Øyrehaugen Sunde*, jurist og rettshistorikar med heraldisk kompetanse. Skreiv avhandling om framveksten av juridisk metode i dansknorsk rett på 1700-tallet. Professor ved Universitetet i Bergen og professor II ved senter for mellomalderstudie. Sunde har skrive innføringsbok i rettshistorie, *Speculum legale – retsspegele*, og forska på rettskulturell utvikling frå mellomalderretten til 1700-tallsrett i Danmark-Noreg.

*Ashley Booth*, professor i visuell kommunikasjon ved Høgskulen for Kunst, Musikk og Design i Bergen. Utdanna ved Bradford Technical college, Y.H.C.F.E grafisk design, Bradford Art College og Leeds Metropolitan University. Ashley har lang erfaring som grafisk designer i Norge, m.a. som art director i Amagasinet, og som leiar for avdeling for grafisk design i LOOC, som utvikla den visuelle profilen for Lillehammer'94.

*Oddmund Løkensgard Hoel*, førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet, med ph.d. i Historie ved NTNU. Forskings- og interessefelt er nyare språkhistorie, kulturhistorie, politisk historie, lokal og regional historie, nasjonalisme, modernisering, historiebruk og historiedidaktikk. Han har utgitt ei rekke publikasjonar, mellom anna «*Soga om Sogn og Fjordane III. Fjordfylket på nye vegar, 1875–1945*» i 2017.

*Geir Atle Ersland*, professor, UNESCO-chair on Sustainable Heritage and Environmental Management – Nature and Culture, ved institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen. Tilknytt forskargruppe i mellomalderstudiar. Har skrive eller vore medforfattar i ei lang rekke publikasjonar og fagbøker, m.a. *Vestlandets historie*, og *Norsk forsvarshistorie – krigsmakt og kongemakt*.

Fylkesrådmannen meiner fagkomitéen har brei og tilstrekkeleg kompetanse og er godt eigna til å kome med forslag til motiv for nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.

Det vart lagt opp til følgjande mandat for fagkomitéen:

1. Gruppa konstituerer seg sjølv og vel leiar.
2. Fagkomitéen skal legge fram eitt eller fleire motivforslag frå kvar av motivgruppene: natur og landskap, kultur og historie, samtid/ anna motiv, til designkonkurranse. Forslaga skal ha skildring i ei setning (blasonering), og kan vere skisserte. Forslaga skal grunngjenvært. Det må gjerast legalitetskontroll av forslaga. Til grunn for framlegging av forslag kan fagkomiteen sjå til den opne innspelsprosessen.
3. Fagkomitéen skal få utført designkonkurranse, med deltaking frå minst 3 designbyrå. Fagkomiteen skal legge fram *reglar for designkonkurransen*. Designbyråa skal utforme 1 forslag for kvart av alternativa fagkomitéen har lagt fram. Designbyråa kan i tillegg utforme eitt eige forslag, med skildring i ei setning (blasonering) og grunngjeving.
4. Fagkomitéen skal rangere konkurransebidraga med skriftleg grunngjeving, og tilrå nytt fylkesvåpen.
5. Fagkomitéen vert godtgjort etter *Reglement for godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune*.

Fagkomitéen har sekretariatet Arlen Synnøve Bidne (Sogn og Fjordane fylkeskommune, og Ole Vegard Skauge (Hordaland fylkeskommune).

#### 4.3 Open innspelsprosess

Ei målsetting for denne prosjektfasen er å skape engasjement, medverknad og kjensle av identitet blant innbyggjarane i heile det nye fylket, i prosessen med å finne fram til nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.

Det vert lagt opp til fagleg rettleiing i innspelsprosessen for å auke sjansane for å få kvalitativt gode innspel som kan bli med vidare inn i designkonkurransen. Det vert lagt opp til enkle køyrereglar til korleis innsending skal skje, og kva som skal være med i eit innspel, jf. *retningsliner for open innspelsprosess*. Desse vert lagt ut på innsendingsportalen, saman med eit faktaskriv om det nye fylket, og ei rettleiing om heraldikk, motiv og fylkesvåpen.

Det vart lagt opp til følgjande retningsliner for open innspelsprosess:

1. Det skal lagast eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen, og ikkje ein kombinasjon av dei gamle.
2. Motivet må vere samlande og representere den nye fylkeskommunen på ein god måte.
3. Motivet må være lett gjenkjenneleg. Våpenet bør vere enkelt å kjenne att i fart i trafikken, på avstand og i lite format.
4. Det bør nyttast få fargar og motiv. Helst kun ein farge, eitt motiv og eitt metall.
5. Farge bør vere rein og klar utan nyansar og sjatteringar.
6. Motivet bør fylle skjoldflata godt, være forenkla og utan for mykje detaljer.
7. Motivet skal fremstilla i rein flateteikning, utan bruk av perspektiv og skyggelegging.
8. Det kan også leverast inn forslag som kun er tekst.
9. Forslaga må være levert innan 1.juni 2018.

Eit utval gode innspel, som fell innanfor hovudmotivgruppene natur og landskap, kultur og historie, og daglegliv/anna, vert teke med vidare til inspirasjon i designkonkurransen.

#### **4.4 Føreraarbeid til designkonkurransen**

Fagkomitéén arbeider før og etter designkonkurransen. Fagkomitéén foreslår alternativ til motiv, innafor dei ulike motivgruppene, for nytt fylkesvåpen. Desse forslaga vert lagt fram for vedtak i arbeidsutvalet i møte 15.juni 2018, saman med konkurranseregler for designprosessen. I dette arbeidet vert forslaga i den opne innspelsprosessen gjennomgått av fagkomitéen. Gode innspel vert premierte, og vert tekne med vidare til inspirasjon i designkonkurransen.

Etter designkonkurransen vil fagkomitéén gjere konkret vurdering og rangering av alle forslaga, med grunngjevingar. Ei innstilling vert lagt fram for arbeidsgruppa, der alle alternativa er tekne med.

#### **4.5 Designkonkurranse**

Fagkomitéén legg fram eitt eller fleire forslag for kvar av motivgruppene natur og landskap, kultur og historie, og daglegliv/anna til formgjeving i ein designkonkurranse med deltaking frå minst 3 designbyrå. Utvalet av gode innspel frå den opne innspelsprosessen vert lagt ved. Designbyråa skal utforme alle forslag innanfor alle motivgrupper, og kan i tillegg komme med eit eige forslag.

#### **4.6 Innstilling og vedtak**

Etter designkonkurransen vert forslaga vurdert av fagkomitéén. Dei ferdige forslaga vert vurdert av fagkomitéén, som skal kome med rangering og grunngjeving. Rangeringa, med alle forslaga i designkonkurransen, leggast fram for handsaming i arbeidsutvalet. Saka går så vidare til fellesnemnda og til slutt til dei to Fylkestinga, som må gjere likt vedtak for at det nye fylkesvåpenet skal være gyldig.